


## Norsk namnelag



## Fornamn i Noreg

### Runeinnskrifter

Dei første fornamna møter vi alt i runeinnskrifter frå folkevandringstida (ca. 400-570 e.Kr.). Utvalet er lite, men namnetypane stemmer med den store mengda av nordiske namn som er overleverte frå vikingtida og mellomalderen, t.d. *StainawarijaR* og *TaitR* i eldre runeskrift mot *Steinarr* og *Teitr* i norrønt. Toledda og einledda namn har funnest side om side, og i tillegg har dei toledda tidleg utvikla eigne kortformer el. kjæleformer, t.d. *Bjarne*, *Tora* og *Åsa* av namn på *Bjørn*- (og *-bjørn*), *Tor*- og *Ås*-. Desse kortformene fekk etter kvart sjølvstendig status, og når vi kjem fram til mellomalderkjeldene med hundrevis av namn, framstår kortformene som ei talrik og livskraftig gruppe.

### Fellesgermansk

Dei nordiske namna heng språkleg og historisk nært saman med germanske namn på kontinentet og i England. Ordstoffet er i stor grad det same. Det viser gjerne til makt og velde (*vald*, *råd*), mot (*mod*), kamp og strid (*gunn*, *hild*, *leik*), våpen (*geir*, *brand*, *saks*), hjelp og vern (*berg*, *bjørg*, *gard*, *gjerd*), dessutan dyr (*bjørn*, *ulv*, *jo* 'hest'), gudar (*Tor*, *Frøy*), mytologi (*alv*, *gud*, *ragn*, *ås*), folkestammar (*finn*, *gaut*), venleik (*frid*), og i tillegg ein god del allmenne ord (*hall*, *stein*, *holm*, *rann* 'hus', *sal/sol*). Dei fleste ledda kunne vera både forledd og etterledd, t.d. *Hildegunn* og *Gunnhild*, *Alvgeir* og *Geir Alv*. Men utbreidde ledd som *Ås*- og *Tor*- var berre forledd, og dei hadde da same form i mannsnamn og kvinnenamn. Etterledda hadde derimot ulike former i manns- og kvinnenamn alt etter typar og bøyning i hankjønns- og hokjønnsorda, t.d. *-bjørn* og *-gard* i mannsnamn, men *-bera* og *-gjerd* i kvinnenamn. Det vanlege leddet *-frid* 'vakker' finst berre i kvinnenamn. Namna på *Tor*- er ei særreigen nordisk gruppe. Dei hadde alt i vikingtida vorte den klårt største einskildgruppa av nordiske namn. Namna på *Ås*- er òg mykje vanlegare i Norden enn på andre germanske område.

### Leddvariasjon

Mange norrøne namn var laga gjennom leddvariasjon, dvs. at ein tok ledd frå kjende namn, helst etter foreldre eller andre nære slektningar, og sette dei saman på ein ny måte. Personsambandet var viktigare enn det språklege innhaldet. Dermed kunne det oppstå samansetningar som *Hallstein* '(flat) stein' + 'stein' og *Gunnhild* 'strid' + 'strid(smøy)', der det neppe ligg noka heilsleg tyding i namna. Namnelaging ved variasjon heldt seg vikingtida ut, men frå 1000-talet vart det i staden vanleg å kalle opp med namnet i uendra form. Det stengde for vidare nylaging på heimleg grunn. Nytt tilfang av nordisk rot kunne da berre koma inn ved at tilnamn gjekk over til fornamn, slik tilfellet var med t.d. *Skjalg*, *Snorre* og *Sverre*. Ein slik namnevokster har truleg foregått frå dei eldste tider, og den kan òg ha vore ei drivkraft bak allmenne namn og namneledd som *bjørn*, *ulv*, *geir* og *brand*. Men langt viktigare enn tilnamna var innlån av namn frå andre språk og kulturar.

### Kristne namn

Den desidert største tilvoksteren av namn i mellomalderen kom gjennom kristendommen. Her fanst det eit veletablert tilfang av bibelske namn og helgennamn som hadde slått rot i land etter land parallelt med at kristendommen breidde seg nordover i Europa. Namna *Jon*, *Cecilia*,

*Nils (Nikolas)* og *Margreta* kom inn alt på 1000-talet, og frå ca. 1100 og framover finn vi namn som *Anders, Pål, Peter, Klement, Lavrants* og *Kristin*. Frå ca. 1350 til ca. 1450 var *Jon* det vanlegast mannsnamnet i landet. Seinare kom det nordiske *Olav* på topp, men talande nok hadde det òg helgengrunnlaget å takke for framgangen. Kyrkjenamna var langt færre enn dei nordiske, neppe meir enn ein tiandepart, men dei fekk kvar for seg så stor utbreiing at dei frå seinmellomalderen til i dag har utgjort ein berebjelke i vår namneskatt – knapt nok dei nordiske har same tyngd i eit tusenårsperspektiv. Dei kristne kvinnenamna hang lenge noko etter mannsnamna. *Margreta* vart rett nok allment på 1300-talet og *Birgitta* på 1400-talet, men kjernenamn som *Anna (Ane, Anne), Maria (Mari), Kari, Eli* og *Kirsti* slo ikkje for alvor igjennom før utpå 1500-talet. Men da det først skjedde, vart framgangen så sterk at gruppa nådde høgre i kvinnenamna enn i mannsnamna.

### Norske former

Lånenamna fekk tidleg norske eller nordiske former, slik at *Kari* og *Per* snart kjendest like heimlege som *Ola* og *Guri*. Men lånenamna fekk òg nye tilsig gjennom skriftkulturen og kyrkjespråket. Desse skriftbaserte formene hadde som regel rot i latin, som både var grunnspråk og lærdomsmarkør for dei skrivande klassar. Det gjorde at t.d. *Johannes, Petrus, Dorothea* og *Anna* kom i fornya bruk ved sida av *Jon, Per, Dorte* og *Ane*. Etter reformasjonen vart både nordiske og framande namn stort sett skrivne på dansk, t.d. *Oluf* og *Ole* for *Ola(v)*, *Peder* for *Pe(r)*, *Karen* for *Kari* og *Kirsten* for *Kjersti* og *Kirsti*.

### Lån frå tysk

I seinmellomalderen fekk vi mange namn frå tysk, stundom etter ein mellomstasjon i Danmark. Somme var tyske former av gamle kyrkjelege namn, t.d. *Hans* og *Grete*, men dei fleste var av tysk opphav, t.d. *Engelbrekt, Henrik, Herman, Ludvig, Gjertrud, Mathilde* og *Valborg*. Dei tyske namna forsterka seg i etterreformatorisk tid og fekk eit nytt oppsving på 1800-talet. I denne fasen kom òg nyare lån som *Bernhard, Konrad* og *Ulrik*, og *Anton* i tysk form, i aukande bruk. Eit særtrekk ved tyske namn er suffikset *-ke*. I mellomalderen var det stort sett nytta i mannsnamn, t.d. *Lydike* og *Hennike*, men desse namna gjekk seinare i dvale og kvinnenamna på *-ke* overtok, t.d. *Helke, Gjeske, Marike, Nilske* og *Sarke*. Snunaden må ha skjedd før midten av 1600-talet.

### Færre nordiske namn

Framgangen for kyrkjelege namn medførte eit tilsvarande tap for dei nordiske namna. Utviklinga varte ved til midten av 1800-talet. Men det var stor geografisk variasjon. Dei nordiske namna heldt seg best i innlandsbygdene i Sør-Noreg, og tapte seg mest i byar og kyststrok, særleg frå Mørkekysten og nordover, medrekna heile Nord-Noreg.

### Nye avleiingsledd

Ein annan tendens i denne tidbolken er aukande bruk av avleiing, t.d. *-ine, -ette, -ikke, -ia* og *-a* i kvinnenamn og *-us, -ius* og *-inus* i mannsnamn. Avleiingstypene etablerte seg gjennom fullferdige lån, men kunne etter kvart òg knytast til heimlege namn av begge kjønn, t.d. *Oline, Randine, Olette, Iverikke, Olavus, Olavius* og *Randinus*. På denne måten vart det skapt ei mengd nye namn. Særleg var kvinnenamna produktive og vart no meir mangmente enn mannsnamna. Før hadde det vore omvendt.

### Oppkalling

Oppkallingsskikken heldt bra stand, men tillet mykje variasjon i formvalet. Ein kunne t.d. kalle opp kvinne etter mann og mann etter kvinne gjennom avleiing, t.d. *Nilsine, Oline, Petrikke* og *Oskara* etter *Nils, Ole, Peter* og *Oskar*, og *Hildus, Olinus* og *Karenius* etter *Hilda*

(og *-hild*), *Oline* og *Karen*. Skikken hadde sterke røtter i 1700-talet og nådde høgda av skapingsevne fram mot midten av 1800-talet.

### Namnerenessansen

Men det som prega namneutviklinga aller sterkast frå 1850-60-åra, var den nordiske namnerenessansen. Gjennom historieverk – særleg omsetjingane av Snorre og islendingesogene – og skjønnlitteratur kom dei nordiske namna fram i lyset att, og dei henta mykje prestisje frå den nasjonsbyggjande ideologien som rådde i tida. Ivar Aasen og P.A. Munch leverte både utførlege namnelister og sterke argument for å ta dei nordiske namna i bruk. Bjørnson og Ibsen levandegjorde mange namn i diktinga si. Tidlegare på 1800-talet hadde dessutan danskane Oehlenschläger og Grundtvig bana veg for mange norrøne namn. Oftast fekk namna ei historisk-litterær form som meir eller mindre slo ut dialektformene og danskprega skriftformer, t.d. *Sigurd* for *Sjur* og *Sjul*, *Olaf* for *Ole*, *Thora* og *Helga* for *Tore*, *Helle* og *Helge* (kvinnenamn!), *Håkon* for *Haagen*, og *Gunnar* for *Gunder*. Desse namna hadde vore i samanhengande bruk frå mellomalderen, men det kom òg opp namn som ikkje hadde nokon tradisjon i Noreg, t.d. *Fridtjov* og *Snorre*.

### Ny leddvariasjon

Den store interessa for norrøne namn gav nytt liv til den gamle variasjonsteknikken. Det resulterte i nylaga namn som *Annvor*, *Fridgeir*, *Fridlaug*, *Hildor*, *Hildora*, *Magnolf*, *Norolf*, *Oddveig* og *Solfrid*. Ledda *Frid-*, *-dor*, *-dora* og *-olf* var av dei mest produktive. Lånenamn som *Jon* og *Per* vart òg kopla inn, med nye namn som *Jonfred*, *Jonhild*, *Perdis*, *Perlaug* og *Perny*. Ei mellomstilling hadde det norrøne *-ar*. Det var opphavleg eit variasjonsledd, men med forbilde i seine norrøne namn kom det no i bruk som suffiks. Vi fekk avleiingar som *Audar*, *Ingar*, *Jonar*, *Magnar*, *Oddar* og *Signar*. Dei framande suffiksa dabba av etter kvart som heimlege teknikkar vann fram. Det er m.a. rimeleg å sjå *-ar* som avløyser for *-us* og *-inus*. Likeins fekk endinga *-a* i kvinnenamn no meir næring frå norrønt enn frå latin. Det gamle *Azora* (1810) var nok mest inspirert av det latinske *-a*, men yngre namn som *Auda*, *Einara*, *Ivara*, *Ova* og *Yngva* byggjer i større grad på norrøne mønster.

### Namnerikdom

Denne revitaliseringa og nyskapinga av namn saman med ein veksande straum av lånenamn gav landet ein namnerikdom som aldri før, og knapt nok seinare, iallfall om vi held innvandrarnamna unna. Tradisjonane losna, impulsane trengde på og skapingsevna blømde. Og i tillegg: Det fanst inga namnelov som kunne bremse på utfoldinga.

### Framgang for nordiske namn

Dei nordiske namna styrkte stillinga fram til midten av 1900-talet, med tilsvarande nedgang for dei fleste andre grupper, særleg dei kyrkjelege namna. Den einaste framande gruppa av noka vekt var eit knippe – til dels populære – engelske namn i mellomkrigstida, t.d. *Harry*, *Henry*, *Johnny*, *Anny* og *Mary*. Utviklinga på 1900-talet favoriserte òg korte namn, sidan nordiske namn oftast har berre ei eller to stavingar, sjeldan tre. Det same gjeld heimlege former av kyrkjelege namn og dei nye engelske namna. I tidsperioden 1945-49 er ni av dei tolv fremste mannsnamna nordiske, og seks av dei tolv fremste kvinnenamna. Resten er kyrkjelege namn i tilpassa form, med *Anne* og *Jan* som det suverene leiarpar. Tala viser at den nordiske namnerenessansen slo sterkare ut blant menn enn blant kvinner. Tendensen festna seg alt i den første fasen på 1850-60-talet. Det er eit paradoks, for i alle andre samanhengar har kvinnenamna vore meir motestyrt og har endra seg raskare enn mannsnamna. Først etter ca. 1980 ser vi teikn til at mannsnamna nærmar seg kvinnenamna i endringstakt. Men sams for kjønna er at namnebruken skifter dobbelt så fort ved år 2000 som ved år 1900.

### Internasjonalisering

Dei siste tiåra er elles prega av internasjonalisering og mangfald. Dei nordiske namna er med, til dels med nye innslag som *Ask*, *Embla*, *Tjalve* og *Tind*, men som gruppe står dei langt veikare enn før. Først kom det ein flokk av lange, internasjonale namn, t.d. *Kristian*, *Marius*, *Andreas*, *Kristoffer* og *Aleksander* blant gutane, og *Monica*, *Marianne*, *Katrine*, *Kristine* og *Elisabet* blant jentene. Somme av dei hadde òg ei viss støtte i eldre norsk namnebruk og utgjer i så måte ei slags hundreårsbølge i den heimlege tradisjonen. Desse lange namna fyller topplistene i 1980-åra. Skrivemåten svarar ofte til dei engelske formene. Det er eit ekko av den sterke engelsk-amerikanske påverknaden som vi har hatt i etterkrigstida, og som heilt har overskygga det noko diffuse "oldemors"-aspektet på eigen grunn. Det same gjeld former av bibelske namn som *Noah*, *Hannah* og *Leah*, der det engelske grunnlaget er innlysende.

### Medienamn

Attåt tilveksten frå engelsk-amerikansk har vi fått ein del iaugefallande namn frå svensk, t.d. *Ida*, *Emil*, *Malin*, *Birk* og *Ronja*. Alle desse kjem frå Astrid Lindgrens (filmatiserte) bøker og er gode døme på at litteratur og film kan skape ny namnebruk, likeins som idrett, musikk og andre medieovringar stundom har hjelpt eit namn fram. Namna *Hallgeir* og *Gjermund* har såleis mykje å takke langrennsstjernene Hallgeir Brenden og Gjermund Eggen for. Men kjendisfaktoren må ikkje overdrivast. Det finst nok av døme på at store stjerner ikkje set det minste spor i namneskikken, eller til og med at namna går ned medan stjernene er på topp.

### Bibelske namn

På 2000-talet har likskapen med svensk namneskikk vorte enda tydelegare, særleg i mannsnamna. Fellestilfanget er oftast bibelske namn, t.d. *Daniel*, *Elias*, *Jonas*, *Lukas* og *Markus*, men nokon direkte Bibel-inspirasjon er det neppe snakk om. Det kan vi m.a. slutte av skrivemåtane, som ikkje stemmer med nyare bibelmål i dei tilfella der formene i Bibelen er endra, t.d. frå *Elias* og *Jonas* (fram til 1930) til *Elia* og *Jona* (etter 1975). Statistikken for 2006 har ingen nordiske mannsnamn mellom dei tolv fremste, og berre eitt kvinnenamn (*Ingrid*). Kvinnenamna har gjennomgåande vorte kortare enn for 20-30 år sidan. Mellom dei åtte fremste er det sju tostavingsnamn og eitt trestavingsnamn. På gutesida har derimot tre- og firestavingsnamna halde stand sidan 1980-åra og jamvel forsterka seg litt. Det er atter ein tendens på tvers av eldre tiders namnebruk. Topplistene i 2006 er slik: *Jonas*, *Mathias*, *Aleksander*, *Andreas*, *Elias*, *Kristian*, *Sebastian*, *Markus*, *Sander*, *Tobias*, *Martin* og *Henrik*, og for jenter *Thea*, *Emma*, *Sara*, *Julie*, *Ida*, *Hanna*, *Nora*, *Ingrid*, *Emilie*, *Amalie*, *Maria* og *Malin*. Førstenamna *Jonas* og *Thea* dekkjer 1.8 og 1.7 prosent av årskullet. Det inneber ei merkbar utflating sidan 1950-åra. Årsaka ligg nok til ein viss grad i større mangfald og raskare utskifting enn før.

### Namelova

Namelova frå 2003 har to restriksjonar på val av fornamn, 1) namnet må ikkje vera eit opphavleg etternamn eller mellomnamn (§ 8), og 2) namnet må ikkje bli til vesentleg ulempe for den som skal ha det (§ 10). Desse punkta har med varierende ordlyd gått igjen i namnelovene sidan den første lova kom i 1923. Tidlegare vart grensene vakta temmeleg strengt, stundom i overkant og utan språkleg skjønn. No er situasjonen i staden ei grenselaus liberalisering som nærmast gjer lova til latter og øydelegg den styrande kraft ho burde ha. Men statistikken syner heldigvis at dei fleste vel klokt og kreativt på tradisjonell grunn – akkurat som før.